



Vi skaper framtida i lag

Kommuneplanen
Samfunnsdel
Solund 2020-2030

Vedteken i k.sak. 16/20

Lågøystolane

Foto: Kayak the fjords/ Sverre Hjørnevik

Helsing frå ordføraren

Samfunnsdelen til kommuneplanen er Solund kommune sitt overordna dokument og skal seie noko om kva retning vi vil ha for samfunnet vårt. Til grunn for planen, ligg ein omfattande prosess der innbyggjarar og næringsliv har hatt høve til å kome med innspel. Gjennom møte og samtalar med både einskildpersonar, verksemdar og ulike organisasjonar opplever eg at vi har ein stor «ressursbank» av engasjement og visjonar for framtida. Det er mange som «brenn» for noko i Solund. Dette engasjementet må vi ta vare på.

Overskrifta i planen er «vi skaper framtida i lag». Det gjer vi best ved å anerkjenne kvarandre sine roller og oppgåver. Dersom vi skal lukkast i å løfte Solund vidare framover, må vi gjere det som eit fellesskap, og alle har ei rolle å spele her. Solund kommune har gjennom denne planen ein ambisjon om i enda større grad å involvere innbyggjarane i dette.

Det er ikkje til å kome forbi at Solund, til liks med andre kommunar, merkar at endringar i samfunnet påverkar oss. Difor er vi nøydde til å arbeide saman for å finne våre styrkar, og vi må leite etter nye måtar å utføre tenestene våre på. Kommunen har ansvar for tenester til innbyggjarar i alle aldrar, og skal setje innbyggjarane sitt ve og vel høgt når ein jaktar på nye måtar å utføre oppgåvene på.

I komande planperiode står kommunen føre store prosjekt. Nytt skulebygg med bibliotek og spesialrom vil skape eit moderne læringsmiljø og gode møteplassar også utanfor skuletid. Bru over Ytre Steinsund vil knyte kommunen saman på ein heilt annan måte enn før. Det ser også ut til at flytting av ekspressbåtstopp til kommunesenteret kan bli ein realitet om nokre år, og desse tiltaka vil til saman bidra til ei stor betring i reisetid for veldig mange.

Gjennom planprosessen har Solund kommune blir presentert for ei mengd statistikkar, t.d. historiske folketeljingar og meir konkrete statistikkar for spesielle område som t.d. næring, folkehelse, skulemiljø. Dette gjev eit viktig bakteppe for å forstå kvar ein står og for å ta kloke vegval vidare. Men det vil likevel aldri bli meir ein tal. Eg tenkjer at SSB kan eige «teljinga», men det er vi som innbyggjarar i Solund som eig «forteljinga».

Eg ser fram til å arbeide vidare med dei målsetjingane vi har vedteke, og ser fram til eit godt samarbeid for å skrive neste kapittel i «forteljinga Solund»!

Gunn Amdal Mongstad

INNHALD

1	KVA HAR VI OG KVA VIL VI	4
1.1	FRAMSTEG MÅ SKAPAST	4
1.2	GRUNNLEGGANDE KVALITETAR.....	4
1.3	UTVIKLING OG UTFORDRINGAR	5
1.4	KORLEIS VIL VI HA DET FRAMOVER.....	6
2	SKAPARKRAFT OG SAMSKAPING GJEV FRAMSTEG.....	7
2.1	FRÅ SERVICEKOMMUNE TIL SAMSKAPINGSKOMMUNE	7
2.2	NY BRU, NY SKULE OG AKTIVT SENTRUM	7
3	SOLUND TEK SATS OG PRIORITERER.....	9
3.1	BRUK OG VERN AV SJØAREALA	9
3.2	BRUK OG VERN AV KYSTLANDSKAPET	9
3.3	VARIERTE BUSTADER OG GODE BUKVALITETAR.....	10
3.4	MANGFALDIG NÆRINGSLEV OG FLEIRE ARBEIDSPASSAR	10
3.5	GJERE SOLUND SYNLEG	11
4	VEDLEGG 1- HANDLINGSPROGRAM 2020 – 2030.....	12
4.1	VARIERTE BUSTADER OG GODE BUKVALITETAR.....	12
4.2	MANGFALDIG NÆRINGSLEV OG FLEIRE ARBEIDSPASSAR	13
4.3	GJERE SOLUND SYNLEG	14
4.4	GOD OPPVEKST.....	15
4.5	GOD ALDERDOM.....	16
4.6	GOD HELSE OG OMSORG HEILE LIVET.....	17
4.7	GOD FOLKEHELSE	18
4.8	VARIERT KULTUR- OG FRITIDSTILBOD.....	19
4.9	BEREKRAFTIG AREALBRUK	20
4.10	BETRE SAMFERDSLE OG INFRASTRUKTUR	21
4.11	KLIMAOMSTILLING.....	22
4.12	TRYGT SAMFUNN.....	23
4.13	GODT FORHOLD TIL NABOANE I REGIONEN.....	24
4.14	GOD KOMMUNAL DRIFT	25
5	VEDLEGG 2 – STATUS OG UTFORDRINGAR FOR SOLUND	26
5.1	VERDA I ENDRING	26
5.2	UTVIKLINGSTREKK I SOLUND.....	26
6	VEDLEGG 3 - PLANSYSTEMET	29
6.1	KOMMUNEN SITT PLANSYSTEM	29
6.2	SAMFUNNSPLANEN	30
6.3	STRATEGISKE GREP I SAMFUNNSDELEN I FØRRE PERIODE (2008-2020)	30
6.4	PLANPROSESSEN FOR SAMFUNNSDELEN 2020-2030	30
6.5	NASJONALE OG REGIONALE FØRINGAR	30
6.6	KOMMUNALE PLANAR OG FØRINGAR	31
7	VEDLEGG 4 – REFERANSAR OG KJELDER.....	32

1 Kva har vi og kva vil vi

1.1 Framsteg må skapast

Framtida kjem av seg sjølv, men framsteg må skapast. Denne samfunnsplanen er overordna og skal legge grunnlaget for å skape framsteg i Solund.

Fleire strategiske grep i førre samfunnsplan kan vidareførast inn i neste planperiode, men det er også naudsynt å gjere nye satsingar. For å finne dei rette strategiske grepa må vi avdekke kva vi har og kva vil få til framover. Figuren under viser prosessen fram til ny samfunnsplan.

Solund skal ha berekraft, god folkehelse og universell utforming som overordna prinsipp i planlegging og tankegang.



1.2 Grunnleggjande kvalitetar

På folkemøte har vi spurt innbyggjarane om kva som er dei lokale kvalitetane i Solund. Mange nemner natur, tryggleik og fridom, mens andre legg vekt på at vi har gode tenester og mange varierte tilbod. Det blir også sagt at i Solund- er det lov å prøve seg, og du kan gjere ein forskjell.

Kvalitetar oppsummert frå bygdemøta:

- Nærleik, fellesskap, nettverk – mogleg å påverke
- Kjenner kvarandre på tvers av generasjonar
- Engasjerte innbyggjarar og god dugnadsånd
- Flott og spesiell natur
- Mogleg å bu ved sjøen
- Tryggleik, fred og ro
- Rom for å vere seg sjølv
- Aukande variasjon i næringslivet
- Skaparkraft og handlingsorientering
- Lov å prøve og feile – romsleg
- Sterk identitet



Figur 1: Utsikt frå Ravnenipa. Foto: Rune Bendiksen

Lista over viser mange positive sider ved Solundsamfunnet, som er grunnlaget for vidare vekst og utvikling.

1.3 Utvikling og utfordringar

Viktige utviklingstrekk og utfordringar fanga opp undervegs i planarbeidet er lista opp under:

- **Sentralisering** gjer at det er vanskeleg å oppretthalde folketalet i mindre sentrale strøk. Tilgang på arbeidsplassar, bustader og utdanning er dei viktigaste faktorane i arbeidet med rekruttering.
- **Aukande mobilitet i samfunnet** gjer at Solund må arbeide strategisk for å sikre båtruter, fiber- og mobilnett og ikkje miste fleksibilitet i høve kvar du bur og kvar du jobbar
- **Fleire eldre og færre unge** gjer at omsorgsbyrden aukar på dei som er i arbeidsfør alder og dette krev endring i dei kommunale tenestene og nye samarbeidsmetodar. Situasjonen byr på fleire moglegheiter og utfordringar enn ein har sett til no.
- **Fleire menn enn kvinner** gjer mellom anna at folketalsutviklinga bremsar opp. Unge kvinner har ein større tendens til å flytte frå heimstaden enn unge menn, hovudsakeleg for å ta høgare utdanning. Næringslivet er ikkje variert nok til å kunne tilby arbeidsplassar til «alle».
- **God inkludering** vert stadig viktigare slik at dei som kjem til Solund og dei som bur her får delta og blir sett/inkludert som den dei er. Solund kan merkje seg ut med ein open felles kultur for inkludering.
- **Motstridane interesser knytt til sjøen** og strandsona gjer at Solund må ta styringa med arealbruken for å kunne sikre lokal verdiskaping.
- **Forventing om sentrumsqualitetar** krev oppdatert reguleringsplan og strategiske grunnkjøp på Hardbakke.
- **Samferdsle er i endring** med at det kjem ny bru over Ytre Steinsund og at ny ekspressbåttogg på Hardbakke kan vere aktuelt. Dei lokale båtrutene og bussruter kan bli endra.
- **Fylkes- og kommunesamanslåingar** gjer at Solund må gjere nye strategiske val i forhold til eiga oppgåveløysing, samarbeid og partnarskap for å få til ønska samfunnsutvikling.
- **Klimaendringane** er tydlegare og gjer at det må rettast merksemd både mot utsleppsreduksjon og tilpassing til meir ekstremvær i all planlegging.

Meir om status og utfordringar for Solund kommune er å finne i vedlegg 1



Figur 2: Hardbakke Solund kommune. Foto: Solund kommune

1.4 Korleis vil vi ha det framover

For å arbeide målretta med utfordringane må vi ha eit bilde av korleis vi ynskjer å ha det framtida. I dialogen undervegs i planarbeidet har vi fått fram følgjande ynskje for framtida:

- næringsdrivande og tilflyttarar som etablerer seg permanent i Solund fordi dei kjenner seg velkomne og opplever at det er enkelt.
- eit variert og framtidsretta næringsliv som baserer seg på Solund sine grunnleggande ressursar i natur og folk.
- eit variert bustadtilbod med god kvalitet og trygge bustadmiljø, der kultur-, idretts- og organisasjonsliv skaper aktivitet, fellesopplevingar og identitet.
- barn og unge som har trygge, likeverdige og utviklande oppvekstvilkår i en kommune som verdset kunnskap, ferdigheiter og mangfald.
- eit livsløpsvennleg samfunn der alle kan meistre livet lenger, ha tryggleik for å få hjelp når dei treng det, og det er lagt til rette for at pårørande og frivillige kan hjelpe.
- god helse og ingen sosial ulikskap og utanforskap
- innbyggjarar, besøkande og næringsliv som deltek i aktivitetar, og skapar aktivitet fordi dei ynskjer å bidra positivt for seg sjølv og andre.
- innbyggjarar, besøkande og næringsliv som brukar naturen aktivt på ein berekraftig måte.
- infrastruktur som gjer det enklare med aktiv deltaking i eit regionalt bu-, arbeids og serviceområde, og færre barrierar for dei som nyttar seg av jobb, utdannings-, kultur og fritidstilbod.
- ein effektiv kommunal organisasjon med motiverte, kvalifiserte og omstillingsdyktige medarbeidarar, som tek i bruk moglegheitene som kjem av digitalisering, og er ein pådrivar i utviklingsarbeid.
- beredskap i samfunnet som i samhandling med andre er i stand til å handtere dei hendingar og krisesituasjonar som kan inntreffe.
- tenester som er nær innbyggjarane, og som vert løyst lokalt når det er mogleg.



Figur 3: Entusiasme for framtida. Solund kommune.

2 Skaparkraft og samskaping gjev framsteg

2.1 Frå servicekommune til samskapingskommune

Som alle kommunar, står Solund framfor komplekse utfordringar som klimaendringar, aukande ulikskap og større omsorgsbyrde¹. Samtidig vert dei økonomiske rammene strammare. Denne utviklinga utfordrar kommunen si evne til å sikre at innbyggjarane får dekkja naudsynte behov utan at det går ut over kommande generasjonar.

Det må tenkast nytt om korleis vi utviklar velferdssamfunnet og kva som skal vere kommunen si rolle i samfunnsutviklinga. I Solund trur vi at velferdssamfunnet må utviklast i samarbeid mellom innbyggjarar, samfunnsaktørar og kommuneorganisasjonen.

I dette ligg det at kommunen ikkje er ein servicebutikk, men heller ein drivar i lokalsamfunnsutviklinga. Kommunen er framleis lovmynde og demokratisk arena, men må drive på ein måte som inviterer til samskaping for å løyse dei komplekse oppgåvene.



2.2 Ny bru, ny skule og aktivt sentrum

Dei neste åra er det 3 konkrete satsingar i førre periode, som vil krevje mykje ressursar og merksemd frå kommunen i kommande periode:

1. Samferdsel - ny bru Ytre Steinsund

Erstatte ferjesambandet Daløy – Haldorsneset med fast samband. Dette knyter Solund saman til ein felles bu- og arbeidsområde.

Reguleringsplanen er godkjent og det er løyvd midlar til oppstart i 2020.

Kommunen vil i kommande periode arbeide for å sikre maksimal samfunnsgevinst av prosjektet, mellom anna industriområde og djupvasskai.



Figur 4: Bru over Ytre Steinsund.

¹ Omsorgsbyrde - handlar om forholdet mellom yrkesaktive og ikkje yrkesaktive i samfunnet

2. Oppvekst - ny skule og nytt bibliotek på Hardbakke

Det nye skulebygget får moderne og funksjonelle undervisningslokale.

I møte 20.juni 2019 vedtok eit samla kommunestyre å gå vidare med forprosjekt til nytt skulebygg og bibliotek. Planlagd byggestart er i 2020.

Kommunen vil arbeide for å gjennomføre prosjektet slik at det bidreg til eit positivt og inkluderande oppvekstmiljø. Bygget skal også fungere som ein moderne arbeidsplass og samlingsplass for heile kommunen.




Figur 5: Skisser nytt skulebygg

3. Sentrumsutvikling - Områderegulering av sentrum på Hardbakke

Regulering av området på Hardbakke skal legge til rette for auka aktivitet i Solund kommune. Planarbeidet er i gang og skal mellom anna sikre framtidig hamn for ekspressbåt, reiselivsnæring, betre gangsamband, betre tilkomst til dagens hamn, betre kapasitet i gjestehamn og servicebygg, samt bustadfortetting.

Kommunen vil arbeide for at planen legg til rette for god kvalitet i tettstadsutviklinga og vil følgje opp med strategiske grunnkjøp viss mogleg.



Figur 6: Skisser frå barnetrakk Hardbakke.



Figur 7: Full fart inn i framtida. Solund kommune turistinformasjon.

3 Solund tek sats og prioriterer



I møte med innbyggjarane har vi identifisert fem måltema som krev særskilt merksemd og nye strategiske grep dei neste fire åra. Desse tema inngår også i handlingsprogrammet i vedlegg 1, der alle basistema også er omtalt. Her finn du også dei strategiske grepa som skal gjerast for å nå måla.

3.1 ²Bruk og vern av sjøareala

Målet er å setje av nye sjøareal til berekraftig fiskeri- og havbruksnæring som nyttar det framtidige potensialet som ligg i lovverk og teknologi.



Solund kommune er ein rein øykommune med holmar, skjer, fjordar og vikar, for ikkje å snakke om store opne sjøområde. Solund er difor ein svært attraktiv kommune for mange ulike aktørar innan akvakultur, og det er difor mange ulike aktørar som har kome med innspel til arealbruk i sjøen

Når det gjeld sjødelen av arealplanen er utgangspunktet til Solund kommune at ein skal legge til rette for akvakultur, dette er også i samsvar med Lokal utviklingsstrategi [1]. Både nasjonalt og regionalt er det også oppmoda om å sikre nok areal til fiskeri- og havbruksnæringa i kystsoneplanlegginga.

Solund vil utvikle ein arealplan for sjøområda som opnar for lokal næringsutvikling basert på ressursane i havet. Planen skal ha potensiale for vekst i marine næringar, som kan nyttast når ny teknologi og endra rammevilkår gjer det mogleg. Sjå handlingsprogrammet kapittel 4.9, for meir detaljar.

3.2 Bruk og vern av kystlandskapet

Målet er å ta vare på og bruke mangfaldet i kystlandskapet på ein langsiktig og berekraftig måte



Øykommunen Solund har med sin nærleik til havet, sin geologi og sitt landskap vore ein god stad for fiskarbonden. Spora etter bruken av natur og landskap i Solund er godt synlege, med velhalde kulturlandskap og ein særeigen byggeskikk. Dette må takast vare på, på ein berekraftig og langsiktig måte, ved å stimulere til eit aktivt landbruk med husdyr som beiter i kulturlandskapet.

Den unike geologien, det spesielle landskapet og naturen i Solund fortel også historier i seg sjølv. Dette er historier som er enklast å fortelje når ein ser spor av dei i landskapet, ved å ta vare på desse kvalitetane slik at også etterkomarar får nytte av denne synlege kunnskapen. Tilbakemeldingar frå folkemøta visar at naturen og tilgangen til denne er ein vesentleg trivselsfaktor for mange i Solund

Solund kommune vil utvikle ein arealplan for landområda som opnar for lokal verdiskaping basert på geologien, landskapet og naturen i Solund. Planen skal ta omsyn til potensiale for vekst i landbruk, besøksnæringane og friluftslivet. Sjå handlingsprogrammet i kapittel 4.9, for meir detaljar.

² FN sine berekraftsmål. For kvart delkapittel i kapittel 3 og 4, vert FN-måla som vert mest støtta, synleggjort med symbol.

3.3 Varierte bustader og gode bukvalitetar

Målet er å auke variasjonen av bustadtypar og styrke bukvalitetane i eksisterande grender og knutepunkt.

Bukvalitetar handlar om bustader, tenester, kvalitetar, omdøme, identitet og kultur. Bukvalitetar er ein vesentleg føresetnad for trivsel i lokalsamfunnet i Solund, der aktivitet og transport i Solund tradisjonelt har vore knytt til sjøen.



Tilbakemelding frå folkemøta er at innbyggjarane ynskjer tilgjengelege og attraktive areal i form av bustader og tomter, mellom anna nær sjøen, for dei som har lyst å busetje seg i kommunen. Studie frå andre kommunar [2] viser at kommunar gjennom målretta planarbeid og aktiv tilrettelegging for bustadbygging og gode bumiljø kan påverke folketalsutviklinga positivt. I handlingsplanen til Solund sin «lokale utviklingsstrategi» [1] er eit av hovudmåla å «bidra til å utvikle unike bukvalitetar i Solund».

Storparten av befolkninga bur i einebustader og ynskjer i mange tilfelle å flytte til meir lettstelte leilegheiter med livsløpsstandard når dei vert eldre. Slik kan det bli mogleg for barnefamiliar å kjøpe einebustader. Meir lettstelte bustader til den eldre delen av befolkninga gjer det også enklare å tilby heimetenester slik at fleire kan klare seg sjølv lenger.

Solund vil stimulere til auka bustadbygging/rehabilitering av bustader ved meir offentleg-privat samarbeid og. Unge i etableringsfasen og eldre som vil flytte frå einebustadane sine må prioriterast. Vi må også avklare framtidig rolle og strategi for Solund bustadstifting og drive aktiv informasjon om tomter og bustadtilbod. Sjå handlingsprogrammet kapittel 4.1, for meir detaljar.

3.4 Mangfaldig næringsliv og fleire arbeidsplassar

Målet er auka næringsutvikling, meir mangfald i næringsliv og fleire arbeidsplassar



Tilbakemelding frå folkemøta er at det er ynskje om å utvikle og å utnytte dei naturgevrne ressursane ein har i Solund. Ulike satsingsområde på sjøen og i kystlandskapet kan vere med på å gje arbeidsplassar til fleire. Sjølv om landbruket som næring er redusert, er det likevel viktig å bevare næringa sin matproduksjon og kulturlandskapet den skapar. Dette gjev verdiar på mange samfunnsområde og grunnlag for andre næringar.

Solund vil vere ein tilretteleggar for næringsutvikling ved å sikre areal til næringsføremål der det er naudsynt for å få til utvikling. I tillegg er samarbeid mellom oppvekstsektoren og næringsliv, god infrastruktur og omdømmebygging viktige for at unge skal sjå ein framtidig karriereveg i Solund. Sjå handlingsprogrammet kapittel 4.2, for meir detaljar.

3.5 Gjere Solund synleg

Målet er å vise fram det kreative og skapande moderne samfunnet Solund og det kontinuierlege utviklingsarbeidet som skjer



Frå Distriktssenteret sitt arbeid med «10-punktmodellen for lokalt utviklingsarbeid» [3] veit vi at når kommunen arbeider jamt og trutt med å betre kvalitetane i lokalsamfunnet og samtidig fortel om dei betringane som skjer, kan omdøme påverkast. Vi veit også at kommunen sine eigne tilsette er ei svært viktige målgruppe for arbeidet. Når kommunen sine folk møter innbyggjarane i dei ulike tenestene vert det skapt ei forteljing om kommunen og samfunnet.

Omdøme handlar om omverda si oppfatning av Solund over tid. Det finst ikkje snarvegar til godt omdøme, og det kan ikkje styrast, fordi det er andre som bestemmer korleis det er. Solund kan likevel ta nokre grep som legg grunnlag for godt omdøme.

Solund vil mellom anna starte med jamleg å vise fram dei kommunale tenestene sitt utviklingsarbeid i lokale tradisjonelle media og i sosiale media. Sjå handlingsprogrammet kapittel 4.3, for meir detaljar.



Figur 8: Postruta i Midtre Solund. Foto frå turistinformasjon.

4 Vedlegg 1- Handlingsprogram 2020 – 2030

Handlingsprogrammet viser mål og tiltak i samfunnsplanen som skal koplast til økonomiplanen.

4.1 Varierte bustader og gode bukvalitetar

Grunnlag

Innbyggjarane opplever Solund som eit trivselsskapande samfunn i trygge omgjevnader. Det er eit levande bygdemiljø i Solund. Trivsel og godt bustadmiljø skapast mellom anna ved at folk treffast. Det er viktig å leggje til rette for både organiserte og meir uformelle arenaer.



Tilbakemelding frå folkemøta er at innbyggjarane ynskjer tilgjengelege og attraktive areal i form av bustader og tomter, for dei som har lyst å busetje seg i kommunen. Studie frå andre kommunar [2] viser at kommunar gjennom målretta planarbeid og aktiv tilrettelegging for bustadbygging og gode bumiljø kan påverke folketalsutviklinga positivt. I handlingsplanen til Solund sin «lokale utviklingsstrategi» [1] er eit av hovudmåla å «bidra til å utvikle unike bukvalitetar i Solund».

Talet på einebustader i kommunen ligg stabilt kring 400, medan det er om lag 50 tomannsbustader/-rekkjehus. Bustadblokker er ikkje registrert. Talet hytter har auka jamt med om lag fem pr. år, og er no oppe på 208. Storparten av befolkninga bur i einebustader og ynskjer i mange tilfelle å flytte til meir lettstelte leilegheiter med livsløpsstandard når dei vert eldre. Slik kan det bli mogleg for barnefamiliar å kjøpe einebustader. Meir lettstelte bustader til den eldre delen av befolkninga gjer det også enklare å tilby heimetenester slik at fleire kan klare seg sjølv lenger.

Ei sentral utfordring i kommunar som Solund er at det kan vere vanskeleg å få nok betalt for ein einebustad til at ein kan kjøpe seg leilegheit utan å ta opp nye lån. Dette er med på å «kjøle» ned omsetnaden i bustadmarknaden. Sett i høve til folketalet har Solund liten omsetnad i bustadmarknaden.


Mål

Auke variasjonen av bustadtypar og styrke bukvalitetane i eksisterande grender og knutepunkt.

Korleis

- *Styrke etablerte sosiale nettverk og bustadmiljø ved å prioritere utviding og fortetting av bustadområde i eksisterande grender og knutepunkt.*
- *Ta ei aktiv bustadpolitisk rolle ved å analysere målgrupper og bustadbehov. Dette som grunnlag for ein bustadpolitisk handlingsplan som vert integrert i kommunen sitt plan- og styringssystem.*
- *Stimulere til auka bustadbygging/rehabilitering av bustader ved meir offentleg-privat samarbeid og. Unge i etableringsfasen og eldre som vil flytte frå einebustadane sine må prioriterast.*
- *Avklare framtidig rolle og strategi for Solund bustadstifting og drive aktiv informasjon om tomter og bustadtilbod.*
- *Tilby bustad til personar som er vanskelegstilte i den ordinære bustadmarknaden, samt stimulere til at fleire som i dag leiger bustad går frå å leige til å eige eigen bustad.*
- *Auke kompetansen om bustadmarknaden og verkemiddel i bustadforsyninga ved å etablere ei kommunal bustadgruppe med kompetanse om Husbanken sine ordningar.*
- *Legge vekt på tryggleik, fysisk aktivitet og lett tilgang til sosiale nær- og næringsområde i planlegging av byggjefelt/bustader.*
- *Evaluerer bruken av etableringstilskot og sikre at ordninga gjev måloppnåing ved revisjon av retningslinene.*
- *Rettleie private grunneigarar som ynskjer å leggje til rette for bustadbygging.*

4.2 Mangfoldig næringsliv og fleire arbeidsplassar



Grunnlag

Næringslivet i Solund er nytenkjande, variert og tufta på lokale ressursar. Tradisjonelt har fiskeri, og fiskeri i kombinasjon med landbruk, vore hovudnæringa i kommunen. Marin og maritim næring, samt tenesteytande næringar er i dag næringar i positiv utvikling. Eit av hovudmåla i lokal utviklingsstrategi [1] er å «*Bidra til auka næringsutvikling og fleire arbeidsplassar i Solund*».

Tilbakemelding frå folkemøta er at det er ynskje om å utvikle og å nytte dei naturgjevne ressursane ein har i Solund. Ulike satsingsområde på sjøen og i kystlandskapet kan vere med på å gje arbeidsplassar til fleire. Sjølv om landbruket som næring er redusert, er det likevel viktig å bevare næringa sin matproduksjon og kulturlandskapet den skapar. Dette gjev verdiar på mange samfunnsområde og grunnlag for andre næringa. Det er forvent ei auke i besøksnæringa i Solund i åra som kjem, og det er difor viktig å ruste seg for denne utviklinga.

Tilgang på areal til næringsføremål er naudsynt for å få til utvikling. I tillegg er samarbeid mellom oppvekstsektoren og næringsliv, god infrastruktur og omdømmebygging viktige for at unge skal sjå ein framtidig karriereveg i Solund.

Ein variert arbeidsmarknad er svært viktig for å rekruttere og behalde innbyggjarar til kommunen. Solund kommune må vere ein tilretteleggar for næringsutvikling og vere tett på dei som vil utvikle noko lokalt. I Solund må det særskilt leggjast til rette for å kunne bu i Solund og jobbe andre stader.

Mål

Auka næringsutvikling, meir mangfald i næringsliv og fleire arbeidsplassar

Korleis

- *Stimulere til utviklingsprosjekt gjennom samarbeidet skule-næringsliv-offentleg, vere god vertskommune for bedriftene og sikre effektiv offentleg sakshandsaming i samband med nye etableringar.*
- *Utvikle arbeidsplassar innan marine og maritime næringar, samt reiseliv gjennom støtte til kompetanseutvikling og til knoppskyting kring dei eksisterande næringane.*
- *Sikre betre infrastruktur (veg, energi, fiber) og korrespondansar både internt i Solund og til større regionsenter gjennom påverknad opp mot regionale og nasjonale styresmakter.*
- *Avklare næringane sine arealbehov og sikre desse gjennom revisjon av arealdelen. Setje av næringsareal, djupvasskai og utvida lokalitetskapasitet for havbruket er sentrale stikkord.*
- *Legge til rette for fleire husdyr og aktivt utmarksbeite og ta vare på kulturlandskapet sin sær eigenheit.*
- *Samarbeide med aktuelle aktørar om tiltak og strategiar for å møte ei venta auke i reiselivsnæringa.*
- *Aktivt forvalte og nytte det kommunale næringsfondet som eit verkemiddel i arbeidet for å styrke næringsliv og busetting.*
- *Vere ein utviklingsorientert kommuneorganisasjon, med tilstrekkeleg ressursar og kompetanse, som sikrar god kopling mellom samfunnsutvikling og næringsutvikling gjennom planar og handling, til dømes kystsoneplanlegging.*
- *Vere ein pådrivar for å vidareutvikle friluftsrådet*
- *Samarbeide med kommunane i HAFS for å vidareutvikle Kystparken og vere pådrivar for å etablere Skjergardstenesta³, delta aktivt i park-samarbeid*
- *Samle næringane jamleg for å kunne gripe fatt i aktuelle felles problemstillingar, og sjå særskilt på potensialet og arbeidet med å bli UNESCO-lista geopark⁴.*

³ Kommunalt og fylkeskommunalt finansierte teneste som driv renovasjon, vedlikehald og skjøtsel av friluftsområde langs kysten, samt informasjons og haldningsskapande arbeid mot brukarar av skjergarden.

⁴ UNESCO er ein FN organisasjon for utdanning, vitenskap, kultur og kommunikasjon. Eit område som vert godkjent som ein Europeisk Geopark oppnår samtidig å inngå i UNESCO's "Global Network of Geoparks".

4.3 Gjere Solund synleg



Grunnlag

Frå Distriktssenteret sitt arbeid med «10-punktmodellen for lokalt utviklingsarbeid» [3] veit vi at når kommunen arbeider jamt og trutt med å betre kvalitetane i lokalsamfunnet og samtidig fortel om dei betringane som skjer, kan omdømme påverkast. Vi veit også at kommunen sine eigne tilsette er ei svært viktige målgruppe for arbeidet. Når kommunen sine folk møter innbyggjarane i dei ulike tenestene vert det skapt ei forteljing om kommunen og samfunnet.

Omdømme handlar om omverda si oppfatning av Solund over tid. Det finst ikkje snarvegar til godt omdømme, og det kan ikkje styrast, fordi det er andre som bestemmer korleis det er. Solund kan likevel ta nokre grep som legg grunnlag for godt omdømme.

Når vi spør innbyggjarane får vi fram at Solund har eit positivt omdømme som ein rein øykommune med mykje øyar, holmar, skjer, fjordar og viker, og store opne sjøområde. Mange legg vekt på natur, tryggleik og fridom. Andre set stor pris på at vi har gode tenester og mange varierte tilbod. Mange framhevar at i Solund-samfunnet er det lov å prøve, og du gjer ein forskjell. Du blir sett. Mange trekker fram naboskapet og fellesskapet - korleis du vert møtt.

Det meir negative inntrykket handlar om at det er tidkrevjande å reise til Solund og at det er lite spennande arbeidsplassar/moglegheiter her. Det er også eit inntrykk av at det er vanskeleg å skaffe kompetent arbeidskraft.

Mål

Vise fram det kreative og skapande moderne samfunnet Solund og det kontinuerlege utviklingsarbeidet som skjer.

Korleis

- *Oppdatert informasjon om kommunale tenester skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg på kommunen sin e nettsider*
- *Solund kommune skal jamleg formidle sitt utviklingsarbeid i ulike media på ein slik måte at ein når alle innbyggjarane*
- *Bruke handlingsrommet i det nye vestlandsfylket til å etablere nye alliansar/nettverk der Solund sine kvalitetar kan gjerast meir synlege.*
- *Skafe meir merksemd til dei positive arrangement som skjer i Solund og i samarbeid med andre i regionen. Marknadsføring av Solund sine arrangement, til dømes via Kystkultur!.no*
- *Bruke naturkvalitetane i kommunen meir målretta i merkevare- og omdømmebygging i samarbeid med lokale aktørar*
- *Halde fram med «Kva skjer i Solund», og legge ut eit «referat» på nettet etter kvar samling.*
- *Avklare profil for Solund kommune og etablere digital innbyggjarportal med lett og tilgjengeleg informasjon.*
- *Bruke lokale merkevarer som Utvær fyr, øyhopping og Lågøystolane med fleire, i marknadsføring av kommunen.*
- *Halde kontakt med ungdom under utdanning for å synleggjere bu- og arbeidsmoglegheiter.*
- *Arbeide vidare med UNESCO-park i samarbeid med regionalparken, og nytte dette i marknadsføringsarbeidet av kommunen*

4.4 God oppvekst

Grunnlag

Oppvekstvilkåra for barn og unge vert opplevd som gode i Solund. Det har skjedd mykje innanfor oppvekstsektoren dei siste åra. Stadige reformer, nye læreplanar og rammeplan gjer at leiing og pedagogisk personale må omstille og vidareutdanne seg i tråd med nye retningslinjer og behov. Tett på – tidleg innsats [30], er ei ny stortingsmelding som vert lagt fram i 2020, som inneheld fleire punkt som skal implementerast i sektoren i åra framover.

Barnehagen, skulen og kulturskulen er viktige for at Solundsamfunnet skal utvikle seg. Eit godt oppvekstmiljø kan auke attraktiviteten for Solund som buplass. Skal oppvekstsektoren vere god, er det naudsynt å rekruttere, behalde og vidareutvikle kompetent arbeidskraft. Lokalitetar, inventar og utstyr er også viktig.

Gjennom nasjonale ordningar vert skulane målt blant anna i høve til resultat og trivsel. Solund kommune må vere ein aktiv barnehage- og skuleeigar som nyttar kunnskap om kvalitet til ny utvikling.

Sentrale utfordringar er å sikre tilpassa opplæring og samordning for dei med spesielle behov. Samtidig er det krevjande å sikre stabilitet i lærarstaben.

Mål

Barnehagen, skulen og kulturskulen i Solund skal vere inkluderande og trygge arenaer der barna trivst, utviklar seg, lærer og har gode kvardagar.

Korleis

- *Alle skal vere opptatt av trivsel, meistring og læring i oppvekstsektoren, og det skal leggjast vekt på godt samarbeid mellom heim og oppvekst.*
- *Oppvekst skal vere ein aktiv del av lokalsamfunnet der ein styrkar verdiar som frivilligheit, deltaking, kultur og idrett.*
- *Sikre at skule og barnehage er med på å gje barn og unge eit positivt inntrykk av Solund gjennom deltaking i nærmiljøet, og god kontakt med næringslivet.*
- *Vidareutvikle eit positivt og inkluderande oppvekstmiljø, der ein mellom anna nyttar sosial handlingplan systematisk i arbeidet med å fremje sosial kompetanse, psykisk og fysisk helse, samt jamnar ut sosial ulikskap.*
- *Sikre eit høgt fagleg nivå på læringsarbeidet og varierte undervisningsmetodar, der det vert lagt vekt på at alle skal kunne oppleve utfordringar og meistring.*
- *Samarbeid mellom barnehage og skule for å sikre god overgang mellom einingane til det beste for det einskilde barnet og gruppa.*
- *Tidleg tverrfagleg samarbeid mellom føresette, skule, barnehage, PPT, helsestasjon-/ skulehelsetenesta og barnevern, der ein er uroa for den faglege og/ eller sosiale utviklinga.*
- *Sikre rett kompetanse, ta i bruk teknologiske moglegheiter og bruke digitale verktøy i læringsarbeidet.*
- *Bruke SU og SMU møta på skulen og i barnehagen aktivt som eit verktøy for å sikre born og foreldre medverknad og oppnå intensjonen og målet om å skape ein «god oppvekst» for barn og unge i Solund.*
- *Sikre godt samarbeidet mellom skule og vidaregåande skule for å skape gode overgangar for ungdommane*



4.5 God alderdom

Grunnlag

Folk lever lengre, er meir aktive enn tidlegare og er ein stor ressurs i samfunnet, m.a. i frivillig arbeid. Med auka levealder og kanskje lengre tid i arbeidslivet, er det ekstra viktig at både eigeninnsats og samfunnsinnsatsen for eit godt livsløp og ein god alderdom startar tidleg i livet. Det er gode haldepunkt for at gode levevanar gjennom størstedelen av livet kan gi eit godt utgangspunkt for ein god alderdom, med best mogeleg helse og funksjon. Dette vil dessutan fremje mogelegheita til å klare seg sjølv i eigen bustad, og desto meir dersom denne er bygd i livsløpsstandard.



Folketalsframskrivinga bereknar at delen eldre over 80 år aukar kraftig mot år 2040. Auka levealder fører antakeleg til nye utfordringar og moglegheiter for kommunen sitt helse- og velferdsapparat. Mellom anna kan kommunen oppleve at det er for få i arbeidsfør alder til å ta seg av dei som treng hjelp. Kommunen er anbefalt å ha ein langsiktig plan for dette. Det er på landsbasis særskilt førespegla meir enn dobling i førekomst av demens frå 2006 til 2050, dersom aldersspesifikk utbreiing held seg på dagens nivå. Ein ser og auke i nye krefttilfelle i fylket, men med stabil dødelegheit.

Regjeringa sin reform «Leve heile livet» [4] skal bidra til at eldre kan meistre livet lenger, ha tryggleik for at dei får god hjelp når dei har behov for det. Samtidig skal pårørande kunne bidra utan at dei vert utslitne.

Mål:

Innbyggjarane i Solund skal ha ein god og aktiv alderdom.

Korleis:

- *Legge til rette for ei aktivt, inkluderande samfunn for alle med funksjonelle bustader, transporttilbod, møteplassar og aktivitetar som gjev meningsfulle dagar i alle livsfasar.*
- *Sikre god kompetanse ved å gi tilsette moglegheiter for kompetanseheving som møter dagens og framtidens utfordringar med fleire eldre i samfunnet.*
- *Sikre god rettleiing til innbyggjarane om helse og trivsel i alle livsfasar.*
- *Legge til rette for at eldre kan fungere som ein ressurs på alle arenaer*
- *Legge til rette for eigenutvikling*
- *Uteområdet mellom omsorgsbustader og institusjon skal vera ein del av eit aktivt sentrumsliv*
- *Felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal vere eit aktivt forum i samfunnsutviklinga*

4.6 God helse og omsorg heile livet

Grunnlag

Helse- og omsorgstilbodet i Solund er godt. Helse- og omsorgstenesta består av institusjon- og heimeteneste, praktisk bistand/heimehjelp, teneste for psykisk utviklingshemma (PU), rus- og psykiatri, psykologteneste, legeteneste, helsestasjon- /skulehelseteneste, HAFS barnevernteneste, jordmorteneste, ergoterapi, fysioterapi, dagavdeling, kjøkken, vaskeri, reinhald, dagsenter og arbeidsstova »Flittige Hender«.



For å gje brukarane best mogleg tenester, og for å drive effektivt, driftar ein helse- og omsorgseininga etter LEON- prinsippet⁵. Dette inneber at ein tilbyr tryggleik og tenester som gjer at flest mogleg hjelpetrengande skal kunne bu i eigen heim. Menneske som er meir hjelpetrengande vil få tilbod om omsorgsbustad, og tilbod på Solundheimen dersom naudsynt.

Talet på eldre over 70 år er venta å auke litt fram mot 2020, deretter kraftig fram mot 2035. Talet på personar eldre enn 70 år er venta å auke med om lag 70 personar, noko som utgjer litt i underkant av 50% auke. Det er venta ein auke i andel som får demens og kreft [5].

Samhandlingsreforma legg opp til at kommunane må behandle, og gje tilbod til pasientar med meir komplekse og samansette behov. På Solundheimen er det oppretta kommunal akutt døgnplass (KAD seng) for å imøtekomme behov.

Raskare utskriving frå sjukehus og andre helseinstitusjonar vil og krevje at kommunane har godt kvalifiserte tilsette i alle ledd i helse- og omsorgssektoren.

Det blir satsa meir på førebyggjande tiltak i heimen i kombinasjon med andre tiltak som velferdsteknologi og nye småbustader med universell utforming. Dette må takast omsyn til ved utforming av handlingsplan for bustadbygging.

Helsestasjon-/skulehelsetenesta møter alle barn i aldersgruppa frå 0 -20 år og foreldre. Tenesta har også jordmortenesta som er knytt til helsestasjon.

Mål:

Innbyggerane skal i størst mogleg grad vere aktive, kunne ta ansvar sjølve, oppleve livsmeistring og livskvalitet, gjennom heile livet

Korleis

- Tverrsektoriell livsløpinnsats for å oppnå best mogeleg helse, både på kort og lang sikt i befolkninga ved å gi rettleiing, lågterskeltilbod og førebyggjande arbeid blant barn og unge.
- Tidleg førebygging av sjukdom og skade og rask avklaring av hjelpebehov, rett behandling og omsorg ved å tilby gode tverrfaglege tenester og samarbeid.
- Utvikla tilbod til alle som treng pleie- og omsorgstenester og aktivitetstiltak.
- Ta i bruk ny velferdsteknologi⁶ når dette kan bidra til gode tenester og effektiv ressursbruk.
- Skape eit godt og variert tilbod til innbyggjarar ved å samarbeide med frivilligheita og private aktørar.
- Sikre riktig kompetanse for å møte dagens og framtidens utfordringar.
- Vurdere etablering av frisklivssentral som er ei helse- og omsorgstjeneste, der fleire av tilboda er ei helsehjelp, der sentralen skal følgje lover og forskrifter som vedkjem kommunale helse- og omsorgstenester.
- Sikre eit godt måltidstilbod som gjev gode opplevingar

⁵ LEON er forkorting for lågaste, effektive omsorgsnivå.

⁶ Velferdsteknologi er teknologi som kan bidra til auka tryggleik, sikkerheit, sosial deltaking, mobilitet og fysisk og kulturell aktivitet, og styrke den enkelte sin evne til å klare seg sjølv i kvardagen til tross for sjukdom og sosial, psykisk eller fysisk nedsett funksjonsevne.

4.7 God folkehelse

Grunnlag

Helse er meir enn fråvær av sjukdom og plagar. Det handlar om å meistre livet sitt med dei mogelegheitene og grensene som finnst. Det er m.a. å oppleve livet som meningsfullt, ha nokon som står ein nær og å tilhøyra eit fellesskap.



Solund si folkehelseoversikt gjev til ei kvar tid eit bilde over hovudutfordringar og suksessar i kommunen, og denne kunnskapen skal nyttast i plan- og budsjettprosessar. Så skal tiltak iverksetjast for å møte desse utfordringane. Oversikta viser dessverre at helse er skeivfordelt i alle helseutfordringar i Norge. Slik sosial ulikskap må få prioritet, sjølv om kommunen vår kan vise til relativt gode tal [5].

Utviklinga går i retning av betre samansette tenester for brukaren og større vekt på folkehelse. Sektorovergripande heilskapstenking i folkehelsearbeidet er naudsynt, då 90% av folkehelsearbeidet skjer utanfor helsetenesta, og i samarbeid med andre. Folkehelseperspektivet må derfor integrerast i kommunale avgjerdsprosessar og planar, samt kartlegging av folkehelsesituasjonen som grunnlag for løpande planarbeid

Kommunen ynskjer å legge til rette for sunne levevanar og fremje fellesskap, tryggleik og deltaking i lokalmiljøet.

Mål

Å utjamne sosial ulikskap og sikre best mogeleg helse for alle innbyggjarane.

Korleis

- *Setje eit heilskapleg fokus på faktorane som har innverknad på helsa, med tiltak i alle sektorar for å kunne skape gode oppvekst- og levekår.*
- *Påverke m.a. oppvekst, utdanning, arbeid, inntekt og helsevaner, og samspelet mellom desse gjennom livet.*
- *Legge til rette for sunne levevanar og fremje fellesskap, tryggleik og deltaking i lokalmiljøet.*
- *Etablere samansette, helst universelle løysingar gjennom godt samarbeid internt og med eksterne aktørar. Og ikkje minst samordning av tiltak.*
- *Sikre at folkehelse er tema i alt planarbeid i kommunen.*
- *Solund skal i størst mogeleg grad universelt utformast.*
- *Legge til rette for friluftsliv og aktivitet, m.a. ved å skjerme areal og legge til rette for aktivitet i kystlandskapet og på sjøen for ulike brukargrupper.*

4.8 Variert kultur- og fritidstilbod

Grunnlag

Ei meningsfull fritid som gjev rom for gode opplevingar, anten åleine eller saman med andre, byggjer identitet og skaper trivsel og god helse. Kommunen har eit breitt kultur- og fritidstilbod av ulik karakter som skapar engasjement og trivsel hos mange. Kulturlivet i Solund er eit samarbeid mellom frivillige organisasjonar, eldsjeler, næringsliv og kommunen. Kyrkja er også ein viktig kulturberar i samfunnet, og kyrkjebygga i kommunen vert også nytta som konsert- og teaterlokale i stor grad.

Lag og organisasjonar er med på å gje innbyggjarane arenaer som styrkjer fysisk aktivitet. I tillegg er det svært mange som nyttar seg av vegar, turløyper og naturen som aktivitetsarena.

Ikkje alle finn seg til rette i tradisjonelle organiserte aktivitetar, og ein må sikre at det finst tilbod å delta i utanom desse. Ved å skape møteplassar der unge blir sett, høyrte og tatt på alvor, kan ein inspirere born og unge til å engasjere seg. Difor er det viktig å ha eit mangfald av arenaer for deltaking og tilhøyrgheit, på tvers av alder, med botn i felles interesser.

Sidan førre rullering av kommuneplanen har Solund i mykje større grad vorte eit fleirkulturelt samfunn. Dette er ein styrke, og ein kan byggje vidare på dei gode erfaringane ein har gjort gjennom deling av ulike kulturar på ulike område. I dette arbeidet spelar Frivilligsentralen og Gjenbruket ei viktig rolle som møtepunkt og koordinator. Kommunen har også gode erfaringar med å nytte volontørar.

Mål

Gi alle innbyggjarane i kommunen eit rikt og variert kulturtilbod og vidareutvikle kulturinstitusjonar med høg kvalitet.

Korleis

- *Bidra til at Solund Ungdomsråd får gjere ein god jobb, og oppfordre ungdom til å engasjere seg gjennom slike kanalar.*
- *Legge til rette for og støtte opp om aktivitet innanfor kultur og fritid m.a. ved utlån av gratis utstyr og sponing av aktivitetar, slik at alle har mogelegheit til å bli med. Dette i nært samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.*
- *Solund folkebibliotek skal bidra til utviklinga av kunnskapssamfunnet, og sikrar tilgang til kunnskap og kultur for alle innbyggjarane.*
- *Vidareutvikle ein skapande og kreativ kulturskule ved å sikre ressursar til ei stabil og føreseieleg drift.*
- *Sikre at ungdom i vidaregåande opplæring får ta del i aktivitetar og utvikling av samfunnet ved å legge til rette for å dagpendle til vidaregåande skule.*
- *Sikre felles møteplassar med lett tilkomst ved å legge til rette for funksjonell transport, til dømes ved å nytte lokalt transporttilbod for ungdom, serviceskyss.*
- *Sikre tenlege skuleruter som er godt samordna med andre kommunikasjonstilbod.*
- *Sikre tenlege lokale og område for større arrangement i Solund.*



4.9 Berekraftig arealbruk

Grunnlag

Berekraftig arealbruk handlar om å sikre ein arealbruk som kan bidra til ei utvikling som tek omsyn til klima og miljø, økonomi og sosiale tilhøve.



Kommuneplanen sin arealdel vedteke 2008, har prinsipielle avklaringar kring byggeområde og bruk av strandsone som i hovudsak kan vidareførast i neste periode. Det låg også til grunn ei omfattande konsekvensutgreiing for den planen. Gjennomgang av gjeldande arealdel viser at det er rikeleg tilgang på areal, men at ein må vurdere om desse areala ligg på rett plass og om føresegnene til planen gjev tilstrekkeleg fleksibilitet. For landarealet handlar det i stor grad om justering av eksisterande byggeområde og legge grunnlag for livskraftige grender og sentrumsutvikling på Hardbakke. Med bakgrunn i utfordringar i Solund og samfunnet generelt, ser ein at det er behov for å oppretthalde område for bustadbygging, hytteutbygging og ulike typar næringsområde både på sjø og land. I delar av kommunen er det også behov for å legge inn fleire areal, for å oppfylle lokale og nasjonale krav og forventningar. Solund kommune prioriterer også å sette av område til grøntstrukturar og natur- og friluftslivsområde.

Som i inneverande kommuneplan vert det også i framtida teke sikte på å ta ut byggeråstoff enten i samband med lokale byggeprosjekt, eller å hente inn frå eksterne leverandørar.

Når det gjeld sjødelen av arealplanen er utgangspunktet til Solund kommune at ein skal legge til rette for akvakultur, det står det også i Lokal utviklingsstrategi [1]. Både nasjonalt og regionalt er det oppmoda om å sikre nok areal til fiskeri- og havbruksnæringa i kystsoneplanlegginga. Dette skal vegast opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Ein skal forvalte naturlege bestandar av laksefisk og deira leveområde i tråd med naturmangfaldslova.

Solund kommune er ein rein øykommune med mykje øyar, holmar, skjer, fjordar og viker, for ikkje å snakke om store opne sjøområde. Solund er difor ein svært attraktiv kommune for mange ulike aktørar innan akvakultur, og det er difor mange ulike aktørar som har kome med innspel til arealdelen.

Mål

All arealbruk skal skje på lokalsamfunnet og naturen sine premisser.

Korleis

- *Prinsippa for langsiktig arealbruk i kommuneplanen sin arealdel frå 2008 skal leggest til grunn for vidare utvikling, men det må bli enklare å utføre små tiltak på eksisterande eigedom utan å måtte søkje dispensasjon.*
- *Utviding og fortetting av bustadområde, og auke bukvaliteten i eksisterande grender og knutepunkt skal prioriterast for å styrke sosiale nettverk og bustadmiljø.*
- *Det skal setjast av areal til næringsområde og djupvasskai i ytre Steinsund, og tilpassa dagens behov i samband med bygging av ny bru.*
- *Det skal setjast av nye sjøareal til berekraftig fiskeri- og havbruksnæring som nyttar potensialet som ligg i lovverk og teknologi som i størst mogleg grad tek omsyn til miljø og andre samfunnsinteresser.*
- *Det skal sikrast område til rekreasjon, fritid og reiseliv ved å prioritere nokre områder det det ikkje skal opnast for utbygging.*
- *Dei inngrepfrie områda skal takast særleg omsyn til ved planlegging og utvikling av kommunen.*
- *Mangfaldet av natur, kultur og kystlandskap vert teke vare på og det vert lagt til rette for ålmenta og reiselivet si oppleving av dette*
- *Arbeide for bærekraftig bruk og ivaretaking av naturmangfald og landskap*
- *Arealplanlegging skal vere basert på aktiv bruk av eksisterande og oppdatert kunnskap.*

4.10 Betre samferdsle og infrastruktur

Grunnlag

Solund har relativt gode kommunikasjonar både sørover og nordover langs kysten. Ekspressbåtruta gjer at ein er om lag to timar frå viktige knutepunkt som Bergen og Florø. Internt i kommunen er hovudtransportmidlet bil, med ferjer og hurtigbåtar som knytter nettverket av øyar saman. Bru over Ytre Steinsund skal realiserast, og vil revolusjonere samferdsle i kommunen med nye reisevegar og mogelegheit å ferdast landvegen til og frå Ytre Sula døgnet rundt.



Det er fleire sentrale utfordringar kommunen må ta tak i når det gjeld samferdsel. Det gjeld mogelegheiter for kommunikasjon til og frå kommunen, og internt i kommunen. Begge er viktige, og må sjåast i samheng. Det viktigaste er at det også i framtida vert enkelt for alle innbyggjarane å reise både internt i Solund, og til og frå kommunen. Utvikling av reiselivet er med å styrke dei lokale rutene.

Bil vil vere eit viktig transportmiddel i Solund uansett på kva måte kollektivtrafikken utviklar seg. Vegstandarden i kommunen må vere god. Samstundes må tilførselsvegar utanfor kommunen vere tilpassa Solund sine behov.

Breibandstilbodet er stadvis godt utbygd, men det må gjerast meir. Mobildekninga er stadvis dårleg og dette er utfordrande mellom anna for tilgang til akutte og halvakkutte helsetenester på telefon

Status på straumtilførsel er at linjenettet er bra oppdatert. Det vil seie at kommunen kan forsynast frå ein anna kant viss det vert brot på linja.

Mål

Legge til rette for størst mogleg mobilitet for personar og gods både internt i kommunen, og mellom Solund og fastlandet.

Korleis

- I all planlegging som gjeld infrastruktur og samferdsle skal det fremjast og leggjast til rette for lett tilgjengelege, sosiale møteplassar og trygg, aktiv transport fremjast. Til dømes veglys, sykkel- og gangfelt.*
- Prioritere tiltak for utbetring av flaskehalsar på vegar som er utfordrande for dagens næringsliv.*
- Samarbeide med nabokommunar, organisasjonar og næringslivet om lokale prioriteringar for å få samferdsletiltak inn i overordna styringsdokument.*
- Sette av årlege økonomiske ressursar til breibands- og teleutbygging og sikre mobildekning som fullverdig erstatning for fasttelefon i heile kommunen.*
- Legge til rette for ekspressbåttogg for hovudbåten på Hardbakke ved å regulere hamn og farlei.*
- Ha ein tett dialog med næringslivet og innbyggjarar om behovet for gjestehamn, småbåtkaier, kaier og tilkomst med båt.*
- Legge til rette for å gå og sykle, samt bruk av andre låg eller null-utslepp framkomstmiddel. Også i eigen organisasjon.*
- Prioritere bustadbygging der det allereie er infrastruktur og slik gjere behovet for transport mindre.*
- Arbeide for å realisere bru over Krakhellesundet og ny fylkesveg fram til nytt ferjeleie på austsida av Losna.*
- Sikre god standard på kommunale vegar gjennom systematisk vedlikehald.*
- Oppretthalde og utvikle korresponderande kollektivtilbod for innbyggjarane lokalt som sikrar at innbyggjarane kan reise tur/retur eit større regionsenter på ein dag.*

4.11 Klimaomstilling

Grunnlag

Frå fylket sin klimaplan [6] og dei statlege planretningslinjene [26], veit vi at klimaomstilling krev omfattande tiltak. Dette må skje relativt raskt om vi skal klare 2-gradersmålet, og det langsiktige målet til FN sitt klimapanel om netto nullutslepp.



Klimaomstilling omfattar såleis både samfunnsending, klimatilpassing og utsleppsreduksjon, og vi må bli «smartare, tryggare og grønarare». Smartare ved at kvar einiskild tek ansvar, og at vi utviklar fagmiljø, kunnskap og næring. Tryggare ved at bygg, busetnad, infrastruktur og samfunn er tilpassa, og har redusert sårbarheit i møte med klimaet i dag og i framtida. Grønarare ved at vi tek minst vår del av dei nasjonale måla om utsleppsreduksjon.

Klimaendringane er så store at ein bør ta fleire verkemiddel i bruk på alle nivå og samfunnsområde. I og med at samfunnet på sikte må ha netto nullutslepp av klimagassar er det nødvendig å redusere utslepp knytt til både produksjon og forbruk, som igjen inneber at vi må endre både produksjonssystem og det offentlege og private forbruket.

Ei berekraftig utvikling i Solund handlar om å forvalte ressursgrunnlaget på best mogeleg måte for framtidige generasjonar. Det er naudsynt at Solund tek sin del av ansvaret ved å ta del i nasjonale og globale miljøutfordringar.

Solund kommune ynskjer å kombinere klimatilpassingstiltak som er i tråd med FN sine berekraftsmål [25] med utsleppsreduksjon på veg til nullutslepp, inkludert ei samfunnsending på vegen til eit nullutsleppssamfunn. Det er ein krevjande prosess der samfunnet omstiller seg, samstundes som vekst og utvikling skjer innanfor naturen sine tolegrenser.

Mål

Berekraft i høve klima og miljø skal vere eit førande prinsipp for utvikling og vekst i Solund.

Korleis

- *Revidering av Solund kommune sin klimaplan der ein legg kunnskapsgrunnlaget til FN sitt klimapanel til grunn for dette arbeidet.*
- *Ta omsyn til berekraftige og klimavenlege løysingar i offentlege innkjøp.*
- *Heve kompetansen i privat og offentleg sektor kring klimavenlege løysingar.*
- *Utvikle klimasmarte og energieffektive løysingar innan bygg, driftsmidlar og kommunal tenesteyting ved å aktivt nytte støtteordningar.*
- *Arbeide aktivt med haldningsskapande arbeid.*
- *Sikre at innbyggjarane i Solund har god kunnskap om kva som må gjerast for å sikre berekraftig utvikling.*
- *Solund skal ha tilgjengelege ladestasjonar som gjer det praktisk å nytte el-bil i heile kommunen.*

4.12 Trygt samfunn

Grunnlag

Solund sin ROS analyse [7] heiter «Å forvente stormen når stilla rår», og er ei analyse av den risikoen som er i kommunen og i kva situasjonar ein er særskilt sårbar. Ei særskilt utfordring for Solund kommune er at vi er ein rein øy-kommune. Dette må det takast ekstra omsyn til, både i arbeidet med ROS-analyse og beredskapsplanar. Vi må i stor grad «greie oss sjølve», spesielt i starten av ei hending. Det tek tid for andre hjelpeinstansar å kome seg til kommunen.

Solund sin beredskapsplan [8] skal sikre at Solund har ein best mogleg beredskap mot aktuelle kriser og uønskte hendingar. Aktuelle hendingar kan vere lengre straumutfall, ekstremvêr, brann, større trafikkulukker, utbrot av smittsame sjukdommar med meir.

Klimaendringane gjer at faren for ekstremvêr aukar. Meir nedbør gjev større risiko for vegstengingar på grunn av ras eller utgraving, og auka havnivå trugar sjønære bygg og infrastruktur. Ekstremvêret trugar også særskilt straum- og telenettet.

Å ta omsyn til klimasårbarheit i arealplanlegginga er derfor eit viktig grep, men det er ei utfordring både økonomisk og teknisk. Næringslivet i Solund er stadbunden og må utvikle seg i stor grad der dei naturgjevne tilhøva er best.

Mål

Solund kommune skal vere ein trygg stad å bu, leve og arbeide.

Korleis

- *Solund kommune skal vere budd på uønskte hendingar og klimautfordringar. Dette skal innarbeidast i all kommunal planlegging med involveringar av aktuelle samfunnsaktørar, både offentlege og private.*
- *Ha oppdaterte planar for samfunnstryggleik og beredskap som byggjer på dei risikofaktorane som den overordna ROS-analysen vår peikar på.*
- *Gjennomføre ROS- analyser i arealplanlegginga.*
- *Oppdatere/revidere beredskapsplanen annakvart år, eller oftare ved behov.*
- *Øve på å handtere krisesituasjonar.*
- *Finne alternativ vassforsyning til Hardbakke og i tillegg eit reservevatn. Setje av område til drikkevasskjelder i grendene. Områda må setjast av i arealplanen.*
- *Setje av areal til helikopterlandingsplass(ar).*
- *Fokus på trygg skuleveg ved å oppdatere trafikktryggleiksplanen kvart 4. år og tilhøyrande handlingsplan kvart år.*
- *Synleggjere våre behov inn mot eksterne aktørar som t.d. politi*
- *Kommunen legg til rette for at alle barn og ungdomar i kommunen får mogelegheit til få tilstrekkeleg kompetanse til å kunna ferdast trygt på sjøen.*
- *Ved å arbeide førebyggjande mot rusproblematikk og truslar på internett*
- *Ved å arbeide førebyggjande mot vald der ein nyttar handlingsplanen for vald i nære relasjonar*
- *Ved å sikre ei god symjeopplæring*



4.13 Godt samarbeid med nabokommunane

Grunnlag

Solund har tradisjonelt sterke nettverk langs kysten og står i svært mange strategiske og praktiske oppgavesamarbeid. Døme på dette i offentlig sektor er:

- Samarbeid både mot Nordhordland og Bergen (renovasjon, feieteneste, PPT, politi, BKK⁷).
- Samarbeid i HAFS – HAFS regionråd, HAFS barnevern, Sognefjorden Kystpark, nettverk oppvekst
- Samarbeid mot Sunnfjord – SYSIKT, Helse Førde
- Langs kysten – Kystrådet, Visit Fjordkysten, Fjordane Friluftsråd, Kystvegen, jordmortenesta i Florø



Solund kommune har vore gjennom ein omfattande kommunereformprosess og konkluderte med å vidareutvikle seg som eigen kommune. Kommunen er oppteken av å løyse så mykje ein kan med eigne ressursar for å sikre kompetanse og verdiskaping lokalt. Men på nokre område er det viktig å samarbeide og også å kunne ha nettverk for læring og erfaringsutveksling.

Mål

Høg kvalitet på tenestene til innbyggjarane.

Korleis

- Løyse oppgåvene og tenestene mest mogleg lokalt. Deretter sjå etter samarbeid der dette er best mogleg tenleg.
- Vere aktiv i ulike samarbeid og der det er mogleg, styre ulike samarbeid frå Solund,
- Ha fokus på kva oppgåve som skal løysast og finne dei rette samarbeida i forhold til oppgåva som skal løysast.

⁷ Vestlandets største energiselskap

4.14 God kommunal drift

Kommunen si viktigaste oppgåve er å levere gode tenester til innbyggjarane. I Solund kan tenestene vere «tett på», og ein kan lett fange opp dei behova som er i samfunnet og ha ein god dialog med innbyggjarane. Ein har også moglegheit for eit godt tverrfagleg og heilskapleg «blikk» på oppgåvene dersom ein organiserer tenester og oppgåveløysing godt.



Ei av utfordringane i framtida vil truleg vere å rekruttere tilsette til m.a. leiarstillingar, og sikre at organisasjonen har den kompetansen som til ei kvar tid er naudsynt. Kommunen må møte dette offensivt, og nytte moglegheitene som ligg i å kunne vere ein liten, men moderne og lærande organisasjon. Med spenn i arbeidsoppgåver treng ein ansvarlege tilsette som samhandlar for å løyse oppgåver. Og vi treng ei innstilling om at vi skal byggje og styrke kompetanse i eigen organisasjon. Aktiv bruk av ny teknologi vil vere ein viktig reiskap i dette.

Dei tilsette skal oppleve ein profesjonell arbeidsgjevar som både stiller krav, men som også legg til rette for at dei tilsette kan utføre dei oppgåvene dei er sett til.

Mål

Tenesteproduksjon som held eit høgt fagleg nivå, møter framtidige utfordringar og stimulerer til utvikling og resultatoppnåing.

Korleis

- *Sikre trygge leiarar gjennom å stimulere til leiarutdanning, og kontinuerleg fagleg oppdatering.*
- *Ha oppdaterte styringsdokument for ein god arbeidsgjevar- og personalpolitikk i tråd med gjeldande regelverk, og utarbeidd i samarbeid med tillitsvalde.*
- *Lytte til brukarane av tenestene, og nytte samarbeidsforum aktivt som ein ressurs.*
- *Vidareutvikle ein kommunal organisasjon med omstillings- og endringsvillige medarbeidarar i samspel med brukarane av tenestene.*
- *Formidle rett budskap til rett person eller instans, til rett tid, gjennom rett kanal ved å bruke dei ulike informasjonskanalane aktivt for å halde innbyggjarane oppdatert på kommunal aktivitet og tenester (facebook, instagram, heimeside, post og sms).*
- *Ivareta og vidareutvikle den gode standarden på kommunaltekniske anlegg, og drive aktivt helse-, miljø- og tryggleiksarbeid og energiøkonomisering.*
- *Samarbeide med andre kommunar om pålagde oppgåver som krev særskild kompetanse som vi ikkje kan løyse lokalt.*
- *Vidareutvikle livstilpassa personalpolitikk, ein framtidsretta arbeidsgjevarpolitikk og samarbeid med tillitsvalde.*
- *Vidareutvikle lokal lønspolitikk og strategisk plan for kompetanseutvikling og rekruttering.*
- *Synleggjere kommunen som ein attraktiv arbeidsgjevar som til ei kvar tid er i samsvar med den teknologiske og sosiale utviklinga i samfunnet.*
- *Vidareutvikle ein positiv organisasjon der ein tek vare på kvarandre, og gjev tilbakemelding på den jobben som vert utført. Det er ein god og utfordrande stad å jobbe.*
- *Legge vekt på samhandling mellom sektorane i kommunen, og leggje til rette for interaksjon for å skape betre tenester og tilbod.*
- *Selje kompetanse ut der det er naturleg at Solund utviklar spisskompetanse.*
- *Samarbeide med innbyggjarar, næringsliv og frivillige om å utvikle tilbod og tenester.*

5 Vedlegg 2 – Status og utfordringar for Solund

5.1 Verda i endring

I Sogn og Fjordane fylke sin planstrategi for 2016-2020 [9], er det trekt opp fem sentrale utviklingstrekk:

- **Globalisering og sentralisering** gjer at stadig større delar av befolkninga i fylket bur i eller nær eit større sentrum. Den viktigaste faktoren er tilgang på arbeidsplassar, bustader og utdanning.
- **Migrasjon og inkludering** vert ein stadig viktigare moglegheit og utfordring for fylket, då vi på relativt kort tid har blitt eit meir fleirkulturelt samfunn.
- **Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad** er noko av grunnlaget for fylket si «svake» utvikling. Unge kvinner har ein større tendens til å flytte frå heimstaden enn unge menn, hovudsakeleg for å ta høgare utdanning.
- **Verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet** er avgjerande for å skape fleire arbeidsplassar som igjen er den viktigaste drivaren for folkevekst. Basisnæringane er dominerande i fylket.
- **Klimaendringane** gjev utfordringar for fylket hovudsakleg knytt til klimagassutslepp og sårbarheit for eit endra klima.


Solund kjem i berøring med alle desse utviklingstrekka i større og mindre grad.

5.2 Utviklingstrekk i Solund


Folketalet er ved inngangen til 2019 på 820 innbyggjarar. Som vi ser av grafen har folketalet gått svakt nedover i lang tid, men stabiliserer seg i 2016, og har gått litt opp dei siste åra.

Tal fødde og døde har vore i balanse desse åra, så det er innvandring og innanlands tilflytting som bidreg til den positive utviklinga.

Av statistikken ser vi at Solund over tid har fått fleire eldre og færre unge, men at det dei siste åra har snudd litt slik at utvikling har flata ut.



Befolkningspyramiden under viser ei aldrende befolkning som vil forsterke tendensen med fleire eldre og færre unge. Det må skje ei betydeleg tilflytting av personar i «produktiv» alder og barnefamiljar for å sikre folketalsauke over tid.



Figur 10: Folketalsutvikling og forholdet mellom tal menn og tal kvinner, sidan år 2000. Kjelde: SSB og fylkesspegelen.


Ei lang rekke av dei strategiske grepa i førre plan, kan og bør vidareførast inn i neste planperiode, men det er naudsynt å justere kurs og fokus på nokre område. På bakgrunn av innspel i folkemøte og arbeidsmøte med administrasjon og dei politiske arbeidsgruppene har vi identifisert nokre tema som krev nye grep:

1. Varierte bustadfelt og bustadmasse er meir etterspurt, slik at fleire kan velje seg bustad etter livsfase og behov.
2. Klimaendringane er tydlegare og det må rettast merksemd både mot utsleppsreduksjon og tilpassing til meir ekstremvær i all planlegging.
3. Velferdsteknologi og digitalisering gjev nye moglegheiter på alle samfunnsområde og må i større grad reknast med i samfunnsplanlegginga, og særskilt inn mot kommunal tenesteproduksjon.
4. Kampen om kystlandskapet og sjøareala spissar seg til, og ei rekke interesser kolliderer i kommunen sine sjøområde og strandsone.
5. Samferdsle er i endring med at det kjem ny bru over Ytre Steinsund og at ny ekspressbåttogg på Hardbakke kan vere aktuelt. Dei lokale båtutene og bussruter kan bli endra.
6. Vestland fylkeskommune er etablert og Solund har bestemt seg for å halde fram som eigen kommune etter ein omfattande prosess i kommunereforma.
7. Staten organiserer seg på ein ny måte. Dette gjeld mellom anna politi, NAV, fylkesmannen og statens vegvesen.
8. Gitt samfunnsutvikling vert det stadig viktigare at dei som kjem til Solund og dei som bur her må få delta og bli sett/inkludert som den dei er. Solund kan merkje seg ut med ein open felles kultur for inkludering og toleranse.
9. Den såkalla «eldrebølga» er ikkje ein situasjon som går over. Den gjev varig endring av samfunnet og tenestebehovet. Situasjonen byr på fleire moglegheiter og utfordringar enn ein har sett til no.


Bustadutvikling

Av grafane under ser vi at det er noko auke i dei som bur i tettbygde strøk, det vil seie Hardbakke. Vidare ser vi at bustadbygginga varierer ein del, men ligg på eit snitt kring 3-4 pr år sidan 2001.


Antall innbyggere som bor tettbygd og spredbygd




Andel innbyggere som bor tettbygd og spredbygd. Prosent



Antall boliger fullført. Valgt region.




Bruksareal til bolig. Igangsatt og fullført. Valgt region. Kvadratmeter




Næringsutvikling

Vi ser at Helse & Sosial sysselset flest i Solund, med jord/skog/fisk som ein god nr. to. Utviklinga går i retning av at dei såkalla basismærkingane treng færre tilsette, medan servicenæringsane er i auke.

Antall sysselsatte i utvalgte næringer. 2018. Valgt region



Antall sysselsatte i utvalgte næringer. Valgt region



6 Vedlegg 3 - Plansystemet

6.1 Kommunen sitt plansystem


Ifølgje plan- og bygningslova skal kommunen ha ein kommuneplan (PBL § 11-1). Denne skal omfatte både samfunnsdel med handlingsdel, og ein arealdel. Vidare seier lova at:

«Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen.»

Ein kommuneplan er dermed kommunen sin overordna plan og viktigaste styringsverktøy, som skal leggje til rette for ønska samfunnsutvikling, arealforvaltning og tenesteproduksjon dei neste 10-12 åra.


Samfunnsdelen av kommuneplanen er ein overordna plan for samfunnet Solund og for verksemda Solund kommune. Planen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet i heilskap og kommunen som organisasjon. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal vere grunnlag for sektorane sine planar og verksemda i kommunen.

Figuren under viser samanhengen mellom kommunen sine ulike plannivå og frekvensen på rulling av planar.



Figur 6-1: Det kommunale plansystemet.

Figuren under illustrerer nærmare arbeidet med kommuneplanen.



Figur 6-2: Kommuneplanprosessen.

6.2 Samfunnsplanen

Samfunnsplanen er kommunen sin overordna plan, og viktigaste styringsverktøy. Den skal peike ut kursen for utviklinga av Solund fram mot 2030. Utgangspunktet er at framtida kjem av seg sjølv, men framsteg må skapast. Ein viktig del av planarbeidet er å finne utgangspunktet og ta aktive grep for å få Strategiske grep i samfunnsdelen i førre periode (2008-2020)

Solund reviderte både arealdelen og samfunnsdelen i 2008, og det var ei sentral prioritering å stogge den negative folketalsutviklinga og bli meir attraktiv for unge vaksne, og særskilt kvinner. Betre profilering av kommunen, meir arbeidsplassar, meir tilgjengelege bustader/tomter, trygge oppvekstmiljø og trivsel var viktige strategiske grep.

Ei balansert forvaltning av strandsona og naturressursane var viktig. Som oppfølging av dette vart det gjennom ei grundig konsekvensutgreiing sett av byggeområde i alle deler av kommunen, i tråd med den tradisjonell måten å busetje seg på i Solund. Ei evaluering av planen ligg føre i kap.

6.3 Planprosessen for samfunnsdelen 2020-2030

I planstrategien [10] frå 2016 vart det bestemt at kommuneplanen skulle reviderast. Det vart deretter utarbeidd eit planprogram [11] som legg fast rammer og innhald for planarbeidet. Oppdragsgjevar for planen er kommunestyret, og det er sett ned ei styringsgruppe som består av formannskap, administrasjonssjef og prosjektleiar. Det er vidare sett ned ei arbeidsgruppe for samfunnsdel og ei for arealdelen som har medlemmer både frå administrasjon og kommunestyret.

Som oppfølging av planprogrammet vedteke i 2017, vart det halde fire arbeidsmøte i grendene og eigne temamøte om arealbruk i sjø og framtid i Solund. Det var også halde eit eige møte med ungdommen i påska 2019. Kunnskapen frå desse møta er lagt til grunn for denne nye samfunnsdelen, som også legg føringar for revisjon av arealdelen.

Politisk nivå har vore tette på prosessen undervegs, der samfunnsgruppa har hatt fleire møter og lagt fram eit framlegg for styringsgruppa for vidare bearbeiding og handsaming. Det er formannskapet for perioden 2019-2023 som har lagt ut samfunnsdelen for høyring. Same mønstre vert følgt for arealdelen.

6.4 Nasjonale og regionale føringar

Eit viktig prinsipp i det kommunale planarbeidet er at det skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Nedanfor er ei oversikt over dei mest relevante nasjonale og regionale regelverka og føringane som ligg til grunn for utarbeidinga av samfunnsdelen:

- Folkehelselova
- Nasjonale forventningar til kommunal planlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga
- Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2016 - 2020



Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging
Vedtatt ved kongelig resolusjon 12. juni 2015

- Fylkesdelplan for arealbruk er frå 2000
- Regional planføresegn for handel 2017
- Regional plan for klimaomstilling 2018-2021
- Regional plan for folkehelse 2015–2025 [12].
- Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019
- Regional transportplan 2018-2027
- Regional plan for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021
- Planar under arbeid
- Regional plan for kultur
- Regional planstrategi for Vestland fylkeskommune
- Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter

6.5 Kommunale planar og føringar

Dei viktigaste kommunale planane som er lagt til grunn for planarbeidet er:

- Planstrategi for Solund kommune 2016-2019
- Planprogram for kommuneplan samfunnsdel og arealdel 2017
- Lokal utviklingsstrategi for Solund 2015, med handlingsplan 2019
- Folkehelseoversikta for Solund kommune for 2018
- Innspel til kommuneplanens samfunnsdel (2018), frå Folkehelserådet, januar 2018

7 Vedlegg 4 – referansar og kjelder

Lista er uttømmende.

- [1] Solund kommune, «Lokal utviklingsstrategi - handlingsplan 2019,» 2019. [Internett]. Available: https://www.solund.kommune.no/_f/p1/i5b448fd1-92ce-47b0-a6de-9ac42c03b5f4/handlingsplan-2019-lokal-utviklingsstrategi.pdf.
- [2] NIBR, «Boligpreferanser i distriktene NIBR rapport 2014:1,» Distriktssenteret, 2014.
- [3] TIBE samfunn, «Distriktssenteret,» [Internett]. Available: <https://distriktssenteret.no/verktoy/metodikk-strategisk-arbeid-med-lokal-utvikling/>.
- [4] Regjeringen, «Leve heile livet - ein kvalitetsreform for eldre,» [Internett]. Available: <https://www.regjeringen.no/no/tema/helse-og-omsorg/innsikt/leve-hele-livet/id2547684/>.
- [5] Folkehelserådet, «Folkehelseoversikta for Solund kommune, 2018».
- [6] Sogn og Fjordane fylkeskommune, «Regional plan for klimaomstilling 2018-2021,» Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2018.
- [7] Solund kommune, «Risiko og sårbarheitsanalyse Solund kommune,» [Internett]. Available: <https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2016001415&dokid=61478&version=1&variant=A&>.
- [8] Solund Kommune, «Solund kommune beredskapsplan,» 2015. [Internett]. Available: <https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2015000422&dokid=52905&version=1&variant=A&>.
- [9] Sogn og Fjordane fylkeskommune, «Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2016-2020,» Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2016.
- [10 Solund kommune, «Planstrategi for Solund kommune 2016-2019,» Solund kommune, 2016.
]
- [11 Solund kommune, «Planprogram kommuneplan samfunnsdel og arealdel 2017,» Solund
] kommune, 2017.
- [12 Sogn og Fjordane fylkeskommune, «Regional plan for folkehelse 2015-2025,» Sogn og Fjordane
] fylkeskommune, 2015.
- [13 Sogn og Fjordane fylkeskommune, «Fylkesdelplan for arealbruk,» Sogn og Fjordane
] fylkeskommune, 2000.
- [14 Sogn og Fjordane fylkeskommune, «Regional planføresegn om lokalisering av handel og
] kjøpesentra,» Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.
- [15 Sogn og Fjordane fylkeskommune, «Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-
] 2019,» Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2016.
- [16 Sogn og Fjordane fylkeskommune, «Regional transportplan 2018–2027,» Sogn og Fjordane
] fylkeskommune, 2017.
- [17 Sogn og Fjordane fylkeskommune, «Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane
] vassregion 2016 - 2021,» Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2015.

[18 Sogn og Fjordane fylkeskommune, «Regional plan for kultur 2019-2022,» Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2018.

[19 Vestland fylkeskommune, «Regional planstrategi 2020-2024,» Vestland fylkeskommune, 2019.

[20 Sogn og Fjordane fylkeskommune, «Regional planførsegn om lokalisering av handel og kjøpesenter,» Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2019.

[21 Sogn og Fjordane fylkeskommune, «Strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur,» Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2018.

[22 TIBE, «Lokal utviklingsstrategi for Solund kommune,» Solund kommune, 2015.

[23 Telemarksforskning, «Regional analyse HAFS 2018 TF. rapport nr. 455,» Telemarksforskning, 2019.

[24 BDO, «Kartleggingsundersøking for Årdal utvikling. Utflytte Årdøler sine vurderingar knytt til å flytte heim,» Årdal utvikling, 2019.

[25] FNs berekraftsmål, 2015

[26] Statlige planretningslinjer for klima og energiplanlegging og klimatilpassing, 2018

[27] Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019 - 2023, 2019

[28] Rikspolitikske retningslinjer for vernede vassdrag, 1994

[29] Innspel til kommuneplanens samfunnsdel (2018), frå Folkehelserådet, januar 2018

[30] Stortingsmelding 6, Tett på – tidleg innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO, (ikkje vedteken)